



# TEAMBUILDING og opplevingar



HOTEL UNION™  
GEIRANGER • 1891 • FAM MJELVA

# VELKOMEN

## Kjære kunde

Hjarteleg velkomen til Hotel Union. Vi har lang erfaring som vert for ulike typar arrangement, det vere seg konferansar, kickoff, samlingar eller anna, både smått og stort.

Vi har eit godt samarbeid med ulike aktørar som tilbyr eit stort spekter av aktivitetar. I denne brosjyra ønskjer vi å vise fram alt det som den vesle bygda vår har å by på! Vi tilbyr spennande aktivitetar og opplevingar året rundt, og vi hjelper deg gjerne med å skreddersy ditt arrangement, og med å hente inn tilbod frå dei ulike aktørane.



Foto: Tone Molnes

*Monja og Sindre Mjelva*

4. generasjons vertskap



Foto: Tone Molnes



# GEIRANGER

## Den perfekte stad å samlast?

Geiranger er ei sjarmerande lita bygd, og det er korte avstandar mellom dei ulike aktivitetane og opplevingane. Dette gjer det også lettare å halde deltakarane samla under heile opphaldet.

Geiranger er van til å handtere både små og store grupper med utfordrande logistikk, og dei ulike aktørane har stor kapasitet når det gjeld utstyr og anna.

Bygda har ei rekke spennande aktivitetar og opplevingar å by på, og ikkje minst så vil vi trekke fram nærheita til naturen som ein stor fordel. Rett utanfor hotell døra finn ein flotte tilrettelagte turstiar som er godt merka. Ein liten tur ut i frisk luft etter fleire timar i møte gjer underverker for kroppen!

## Geiranger året rundt

Det er ikkje berre sommaren som er vakker i Geiranger. Det er store kontrastar mellom dei ulike årstidene. Våren, når bygda vaknar til liv, med kvite fjelltoppar og irrgroene fjellsider. Sommaren med sitt yrande liv og internasjonale impulsar. Hausten med dei flotte fargane og ei bygd som fell til ro. Vinteren er spesielt vakker, med snødekte fjell og frosne fossar, og ein får bygda nesten heilt for seg sjølv!





Foto: Tone Molnes

## Konferanse

Våre lokaler passar til alle arrangement, små og store. Som arrangør får du ein kontaktperson som tek hand om den praktiske førebuinga og hjelper deg med innhaldet i ditt program, det være seg kongressar, kurs, feiringar, utstillingar og intime selskap. Kontaktpersonen vil alltid være tilgjengelig - både før og under sjølve arrangementet. I vårt businessenter har vi sjølvstøtt alle nødvendige kontorfasilitetar, fibernett og 4G.

## Geirangersalen

Geirangersalen er vår største festsal; perfekt til store kongressar, konferansar og bryllaup. Heve- og senkescena har stor fleksibilitet og byr på mange moglegheiter. Takhøgda i salen er 5,5 meter, og panoramavindu slepp inn mykje lys og natur.

**Deltakarar:**  
**160 - 600**



## Buick

Buick er perfekt om du ønskjer ein mellomstor sal til arrangementet ditt. Salen kan delast i to, og passar ypparleg som presserom og sekretariat ved større kongressar.

**Deltakarar:**  
**36 - 140**



## Cadillac

Cadillac gir dei rette rammene for møter eller mindre samlingar. Salen har teppelagt golv og eigen veranda.

**Deltakarar:**  
**50 - 70**




## Nash

Nash kan til dømes bli brukt som møterom for opp til 26 personar, eller som grupperom til 10 personar, ved å dele salen i to.

**Deltakarar:**  
**4 - 26**





## Union Bad & Spa

Innimellom møter og aktivitetar kan det vere godt å kunne trekke seg litt tilbake og nyte litt eigentid i Union Bad & Spa. Besøk vår 1500 kvm store velværeavdeling. Inngang i Union Bad er inkludert i opphaldet. Her finn du innandørs basseng, sauna og eit oppvarma utandørs terapibasseng som held 32°. Inngang i Union Spa kostar ekstra. Her finn du eit sauna-område med mellom anna opplevingsdusjar og japansk varmebad, ei relaxavdeling med store og romslege stover. Der kan du lene deg godt tilbake i godstolen og nyte ein god kopp te eller kaffi, og litt frukt. I spa får du også servert spafrukost, ein enkel kontinental frukost. Unn deg ei velgjerande behandling med ein av våre dyktige terapeutar. Vi tilbyr både massasje, ansiktsbehandingar, m.m. Spameny finn du på nettsidene våre.

For meir informasjon sjå [www.hotelunion.no/spa](http://www.hotelunion.no/spa).





## Smakfulle opplevingar

---

Ønskjer du ei mat- og drikkeoppleving litt utanom det vanlege så har vi mykje forskjellig å by på! Kva med ein festmiddag i ein av salane våre? Eller middag på fjorden med Dei sju søstre som nærmaste nabo?



## Bankett i Geirangersalen

---

Vi dekker opp Geirangersalen til festmiddag, med kvite dukar på borda, levande lys og blomster. Bordoppsettet kan du vere med på å bestemme, om du ønsker runde bord eller langbord. Kjøkkenet vårt diskar opp med smakfulle bankettmenyar.

Ønskjer du å fortsette festen i egne lokaler vidare utover kvelden, så har vi moglegheit til å sette opp ein bar inne i salen.



Foto: Frank Stenersen

## Mollaløa

Mollaløa er ei gammal, rustikk løe som står i hotellhagen. Her kan de få ei stemningsfull matoppleving i særlige omgivelser. Dette er den perfekte staden å samlast til middag for mindre grupper, då lokalet er heilt avskjerma frå resten av hotellet. Hotellet stiller med eige team av servitørar og kokkar som tek seg av dykk heile kvelden.

**Tilgjengeleg: heile året.**



Foto: Frank Stenersen





Foto: Tone Molnes

Dinner with a view

## Kveld på fjorden

Kva med å ta middagen på sjølvaste Geirangerfjorden? Båten tek dykk med ut på fjorden og mat blir servert undervegs. Det er også mogleg med lokal guide på turen som kan krydre opplevinga med historiefortelling. Vi hjelper med å organisere leige av båt og catering av mat.



Lokale tradisjonar

## "Kønnjøl og neip"

Her får du presentert den lokale, tradisjonelle måten å tilberede pinnekjøtt på i Sunnmørs-traktene før i tida. Smaksopplevinga blir forsterka med servering av lokalt bryggja øl og historiefortelling. Ei oppleving under open himmel.

**Tilgjengeleg: haust, vinter.**



Foto: Frank Stenersen

## Aperitiff og historiefortelling

---

Geiranger har ei spennande reiselivshistorie. Mange av bilane som vart nytta for å vise turistane rundt i Geiranger på 1920- og 1930-talet, finn du i dagens samling i veteranbilgarasjen vår. Ønskjer du ei uhøgtidleg samling før middagen kan vi anbefale å samlast i veteranbilgarasjen for litt lokalhistorie og noko godt i glaset.

**Tilgjengeleg: heile året**



Foto: Frank Stenersen



Foto: Tone Molnes

## Vinsmaking

---

Hotellet har sin eigen vinkjeller med ei samling på over 5000 vinflasker. Vi tilbyr vinkurs og vinsmaking med ein av våre dyktige sommelierar.

**Tilgjengeleg: heile året**



Foto: Frank Stenersen

Våre  
samarbeids-  
partnarar

Mat & drikke



## Westerås Gard



Foto: Tone Molnes

### Restaurant i ei gammal løe

Westerås gard er ein av våre gode samarbeidspartnarar. Den gamle garden ligg på ei fjellhulle rett ovanfor hotellet, med flott utsikt over bygda. Den gamle låven er omgjort til restaurant. Her får du servert gode middagar og lunsjretter, samt vaflar, kaffi og is. Tar i mot grupper og lukka arrangement.

Westerås er også eit perfekt utgangspunkt for fleire flotte turar. Nyt noko forfriskande på terrassen deira med utsikt over heile bygda, etter ein lang fjelltur.



Foto: Westerås Gard

### Kontaktinformasjon:

[iwesteras@online.no](mailto:iwesteras@online.no)  
926 49 537 | 932 64 497



## Brasserie Posten



### Koseleg restaurant i sentrum

Brasserie Posten er ein koseleg liten restaurant midt i sentrum av Geiranger. Dei serverer mat laga frå grunnen av med fokus på norske og lokale råvarer. 30 sitteplassar inne, og 80 sitteplassar ute, med utsikt mot fjorden og mot den gamle naustrekka.



### Kontaktinformasjon:

[www.brasserieposten.no](http://www.brasserieposten.no)  
[vellagamat@brasserieposten.no](mailto:vellagamat@brasserieposten.no)  
702 61 306

Foto: Brasserie Posten

Våre  
samarbeids-  
partnarar

Mat & drikke

Våre  
samarbeids-  
partnarar

Mat & drikke



## Geiranger Bryggeri



### Lokalt handtverksøl

Geiranger har lange ølbryggings-tradisjonar, og i 2014 starta ein gjeng kompisar Geiranger Bryggeri. Dei har etterkvart markert seg godt i ølverda, med fleire terningkast 6 i øltestar i store aviser og magasin. Smak ølet medan du får ei omvisning på bryggeriet og ei innføring i ølbryggingsmetoden. Kanskje får du også høyre nokre av historiene bak dei spesielle namna på dei ulike øla, Store - Kniven, Bølga, Vikingstøa, osv.



### Kontaktinformasjon:

[www.geirangerbryggeri.no](http://www.geirangerbryggeri.no)  
[info@geirangerbryggeri.no](mailto:info@geirangerbryggeri.no)

*Foto: Geiranger Bryggeri*



## Geiranger Sjokolade



### Omvisning og smaksprøver

Eit av dei gamle nausta i sentrum av Geiranger er omgjort til sjokoladefabrikk. Her blir det produsert handlaga sjokolade med spennande smakar, som har vunne fleire internasjonale prisar. Du får mellom anna brunostsjokolade, blåmuggost-sjokolade og sjokolade med bringebær frå Norddal. I tillegg til sjokoladeutsal har dei ein liten kafé der du får servert heimelaga softis, varm sjokolade og sjokoladevaffel på pinne. Dei kan ta imot grupper for omvisning og sjokoladesmaking.



### Kontaktinformasjon:

[www.geirangersjokolade.no](http://www.geirangersjokolade.no)  
[bengt@geirangersjokolade.no](mailto:bengt@geirangersjokolade.no)

*Foto: Geiranger Sjokolade*




# Spektakulære naturopplevingar

Geiranger er eit Eldorado for den som er glad i å gå på tur. Vi har eit stort spekter av turar å by på, både korte og lengre turar. Dei fleste turane er godt merka. Her er eit lite utval, men spør oss gjerne om fleire tips!

## Guida tur til Skageflå

Besøk den kjende fjordgarden Skageflå. Kombiner med ribtur eller sightseeingtur på fjorden. Du kan velge om du vil gå opp og ned samme rute, eller om du ønskjer å gå heile vegen tilbake til Geiranger via Homlongsætra.


**Tilgjengelig: april - okt**



## Guida tur til Vinsåshornet

Ingenting slår følelsen av å stå på toppen av eit fjell og nyte utsikta. Vinsåshornet er ein av dei karakteristiske toppane som ruvar over bygda Geiranger. Turen er lagt opp som ein fin rundtur der ein startar ved Kvandalsætra, går opp på toppen, ned til Grinddalsætra og vidare ned til Hole der ein møter bilvegen igjen.

**Tilgjengelig: juni - sept/okt**



## Guida tur til Geitfonnegga

Geitfonnegga er ein flott tur der du har spektakulær utsikt over fjorden heile vegen opp. Her ser du godt den spesielle s-forma på fjorden, og har god utsikt både inn mot bygda og utover fjorden mot dei kjende fossefalla.

**Tilgjengelig: juni - sept/okt**



Foto: Tone Molnes

## Nasjonal turiststi Fosseråsa

Noregs første nasjonale turiststi som startar i sentrum via Fossevandringa til Hotel Union. Derifrå går den vidare opp råsa "Mørkja" til Vesterås gard. Deretter er turen merka vidare opp til Storsæterfossen. Eit flott fossefall der ein kan gå bak fossen.

**Tilgjengelig: april/mai - okt/nov**





## Aktivitetar og opplevingar

Geiranger har eit mangfold av aktivitetar å by på. Bygda og aktørane er van med å handtere alt frå små grupper med spesialtilpassa opplegg, til store grupper med mykje logistikk. Det er seriøse og profesjonelle aktørar med stort fokus på sikkerheit. Vi har aktivitetar for alle, både for dei som er glad i adrenalin og spenning, og dei som likar det litt meir roleg. Bli betre kjent med den flotte bygda vår og alt den har å tilby!



### Aktivitetar for alle

Vår gode samarbeidspartnar Geiranger Fjordservice AS tilbyr eit spekter av aktivitetar og opplevingar. Det er ein profesjonell aktør som er vandt til å handtere både små og store grupper. Dei tilbyr mellom anna utleige av kajakk og el-sykkel, samt guida turar både til fots, på sykkel eller i kajakk.

Dei tilbyr også sightseeingturar på fjorden, og har to flotte båtar som kan leigast til spesielle arrangement eller transport.

### Kontaktinformasjon:

[www.geirangerfjord.no](http://www.geirangerfjord.no)  
[booking@geirangerfjord.no](mailto:booking@geirangerfjord.no)  
+47 70 26 30 07

Våre  
samarbeids-  
partnarar

Aktivitetar og  
opplevingar

Geiranger  
Fjordservice

geiranger  
FJORDSERVICE



Våre  
samarbeids-  
partnarar

Aktivitetar og  
opplevingar

## RIB Geiranger



### Tett på naturen

Opplev Geirangefjorden i full fart og frisk sjøsprøyt – ei altoppslukande oppleving av Geirangerfjorden på nærthald. Med open, hurtiggåande RIB-båt kjem du nærare den fantastiske naturen enn du trur er mogleg. Desse båtane går heilt inn til fossane og gjer fleire stopp undervegs, slik at du får oppleve dei mest kjende attraksjonane på svært nærthald. Hugs kamera!



### Kontaktinformasjon:

[www.ribgeiranger.no](http://www.ribgeiranger.no)  
[geiranger@fjordguiding.no](mailto:geiranger@fjordguiding.no)  
+47 478 02 010

*Foto: Fjordguiding*

**FjordGuiding**  
- takes you closer



*Foto: Marius Beck Dahle*

## Explore Geiranger

Våre  
samarbeids-  
partnarar

Aktivitetar og  
opplevingar



*Foto: Marius Beck Dahle*

### Utfordre deg sjølv

Geiranger har ei skjult naturperle midt i sentrum! I naturparken kan du prøve deg på klatring langs Geirangerelva, balansering på nepalbruer og flyging over juv og fossefall. Alt saman i gåavstand frå hotellet.

### Nyheit 2021! Natursti og rappellering

Bli med å utforsk vår nye og spennende kombinasjonstur der du får klyve opp og rappellere ned.



*Foto: Marius Beck Dahle*

### Kontaktinformasjon:

[www.exploregeiranger.no](http://www.exploregeiranger.no)  
[post@exploregeiranger.no](mailto:post@exploregeiranger.no)  
+47 903 65 652

EX PLORE  
GEIR  
ANGE-R



Våre  
samarbeids-  
partnarar

Aktivitetar og  
opplevingar

Geiranger  
Skywalk  
Dalsnibba 1500 moh



Nyt utsikta frå 1500 moh

Europas høgste fjordutsikt frå bilveg –  
1500 meter over havet.

Tenk deg at du står på ein fjelltopp,  
trekkjer inn frisk fjellluft og nyt utsikta over  
snødekte fjell, Unesco verdsarvsområde  
og Geirangerfjorden. Alt dette – og meir  
til kan du få oppleve på Dalsnibba. Og veit  
du kva? Du treng ikkje gå eit einaste steg.  
**Nyheit frå august 2021** - større butikk og  
serveringslokale på toppen.



Kontaktinformasjon:

[www.dalsnibba.no](http://www.dalsnibba.no)  
[booking@dalsnibba.no](mailto:booking@dalsnibba.no)  
+47 45 48 13 01

*Foto: Geiranger Skysslag*



Våre  
samarbeids-  
partnarar

Aktivitetar og  
opplevingar

eMobility



*Foto: Tone Molnes*

E-Quiz med små rare elbilar

Opplev Geiranger i små, rare elbilar.  
Garantert ei humørfyllt oppleving når du  
oppdagar verdsarvområdet på eiga hand.  
Dei snakkande elbilane guidar deg rundt  
på dei spennande turane. Ved å lytte til  
guidinga og observere landskapet rundt  
deg skal du kunne svare på spørsmåla i  
konkurransen. Vinnaren har fulgt godt med  
i timen og han/ho har heller ikkje tappa  
bilen for batteri, då attståande batteri-  
kapasitet blir premiert med ekstra poeng.



*Foto: Tone Molnes*

Kontaktinformasjon:

[www.emobgeiranger.no](http://www.emobgeiranger.no)  
[post@emob.no](mailto:post@emob.no)  
+47 455 00 222



## Våre samarbeids-partnarar

Aktivitetar og opplevingar



## Møllstunet



## Norsk Fjordsenter

## Våre samarbeids-partnarar

Aktivitetar og opplevingar



### Ei reise tilbake i tid

Møllstunet er eit freda klyngetun frå 1600-talet. Her får du ei unik moglegheit til å sjå korleis nordmenn levde for 100 år sidan. Her har tida stått stille. Eigarane Anette og Willy ønsker velkomen til gards og fortel om tunet, gamle tradisjonar og lokal historie.



### Kontaktinformasjon:

[www.geirangerfjord.no](http://www.geirangerfjord.no)  
[booking@geirangerfjord.no](mailto:booking@geirangerfjord.no)  
+47 70 26 30 07



### Besøkssenter verdsarv

Norsk Fjordsenter er eit levande besøks- og formidlings-senter for verdsarven Vestnorsk fjordlandskap – det einaste området i landet som står på den prestisjetunge verdsarvlista til UNESCO på grunn av naturverdiane.



### Kontaktinformasjon:

[www.fjordsenter.com](http://www.fjordsenter.com)  
[booking@fjordsenter.com](mailto:booking@fjordsenter.com)  
+47 70 26 38 10

Foto: Norsk Fjordsenter





Våre samarbeids-partnarar

Aktivitetar og opplevingar

Uteguiden



Våre samarbeids-partnarar

Aktivitetar og opplevingar

DID Adventure



Skreddarsydde opplevingar

Uteguiden AS er det leiande guide firmaet i Sunnmørsalpene. Dei tilbyr eit breitt spekter av opplevingar året rundt. Eksempel på aktivitetar i dei ulike årstidene:

- |                    |                        |
|--------------------|------------------------|
| Vinter/Vår:        | Sommar/haust           |
| - Toppturar på ski | - Toppturar/fjellturar |
| - Trugetur         | - Havkajak             |
| - Snørafting       | - Rafting              |
| - Langrennski      | - Juving               |
|                    | - Klatring             |



Kontaktinformasjon:

[www.uteguiden.com](http://www.uteguiden.com)  
[post@uteguiden.com](mailto:post@uteguiden.com)  
+47 40 55 46 70

Foto: Uteguiden/ Go Viking Geiranger



Opplevingar for alle

DID skreddersyr sportslege aktivitetar med utgangspunkt i ferdigheitene til gruppa di. Meistring og sikkerheit er regel nr. 1 og aketuren fra Dalsnibba vil du aldri glemme. I samarbeid med DID Adventure lager vi et opplegg alle kan være med på.



Kontaktinformasjon:

[www.didadventure.no](http://www.didadventure.no)  
[did@didadventure.no](mailto:did@didadventure.no)  
+47 900 56 876

Foto: DID Adventure



Våre  
samarbeids-  
partnarar

Teambuilding



Foto: Hyke Studio

## Teambuilding

Vi samarbeidar også med profesjonelle aktørar om å tilby ulike teambuildingsaktivitetar. Nokre av dei har faste opplegg, andre skreddersyr etter dine ønskjer og behov.



## Uteguiden



### Lagkonkurransar

Lagkonkurransar for større grupper på opp til 60 personar. To ulike opplegg alt etter årstid.

Sommarhalvåret: Blir delt inn i lag som skal kjempe mot kvarandre i ulike aktivitetar.

Vinterhalvåret: Snørafting og trugetur. Det blir ein kombinasjon av spenning og utfordring, og ei stor naturoppleving der ein opplever ein spektakulær trugetur med utsikt over Geirangerfjorden og snørafting. Ein nydeleg lunsj laga på bål undervegs er inkludert for å gjere opplevinga komplett.



### Kontaktinformasjon:

[www.uteguiden.com](http://www.uteguiden.com)  
[post@uteguiden.com](mailto:post@uteguiden.com)  
+47 40 55 46 70

Foto: Uteguiden

**UTE  
GUIDEN**.COM



Våre samarbeids-partnarar

Teambuilding

## Fjord Ranger



Våre samarbeids-partnarar

Teambuilding

## Oppdrag Geiranger



Foto: Hyke Studio



Foto: Hyke Studio

### Lær noko nytt

Skreddarsydd utandørs aktivitetsprogram for interaktiv læring, utforsking og lagarbeid. Er du nysgjerrig på fjordlandskapet og dei som bur her? Bli med fjordrangeren vår på ei reise i tid. Sjå korleis isbreane og elvane har forma landskapet. Lær meir om mangfaldet av dyr og planter i verdsarvområdet, og om det skjøre biologiske samspelet. Gjennom lagarbeid og enkle aktivitetar er du med og byggjer din eigen, vesle fjordgard-bygning, og du får eit innblikk i korleis menneska har overlevd i dette vakre, men ville fjordlandskapet.

### Kontaktinformasjon:

[www.fjordsenter.com](http://www.fjordsenter.com)  
[booking@fjordsenter.com](mailto:booking@fjordsenter.com)  
+47 70 26 38 10

Foto: Hyke Studio



**Geirangerfjorden  
verdsarv**



Foto: Tone Molnes

### Jobb saman som team

Våre samarbeidspartnarar Explore Geiranger og Geiranger Fjordservice tilbyr dette spennande opplegget. Inspirert av "Kompani Lauritzen" kjent frå TV2. Her blir deltakarane delt inn i grupper og skal løyse ulike oppgåver. Det blir mellom anna zipline og via ferrata, kajakk og el-sykkel.



Foto: Tone Molnes

### Kontaktinformasjon:

[www.exploregeiranger.no](http://www.exploregeiranger.no)  
[post@exploregeiranger.no](mailto:post@exploregeiranger.no)  
+47 903 65 652



**EXPLORE  
GEIR  
ANGE-R**

Våre  
samarbeids-  
partnarar

Teambuilding



Foto: Tone Molnes

Er du like sprek som  
"Norges tøffaste  
kjendis?"



Foto: Tone Molnes

### I fotspora til 71° Nord "Norges tøffaste kjendis"

Inspirert av 71° Nord 2021 har vi laga ein teambuildingingsaktivitet for grupper. Her blir konkurranseinstinktet satt på prøve! Grappa blir delt inn i to lag, og det er førstemann i mål! Målet er å gjenskape 3 ikoniske bilder frå Geiranger på kortast tid. Bilda skal takast ved 3 kjente fotonpunkt - på fjorden med "Dei sju søstre" i bakgrunnen, Skageflå og Flydalsjuvet. Ein må bruke ulike hjelpemiddel for å nå måla - til fots, på sykkel og med RIB båt.

### Kontaktinformasjon:

[www.exploregeiranger.no](http://www.exploregeiranger.no)  
[post@exploregeiranger.no](mailto:post@exploregeiranger.no)  
+47 903 65 652

geiranger  
FJORDSERVICE

EXPLORE  
GEIR  
ANGER



Våre  
samarbeids-  
partnarar

Transport

## Vinter fjordcruise



Våre  
samarbeids-  
partnarar

Transport

## Heilårsferge Hellesylt - Geiranger



### 3 fjordar 3 timar

Kva med å ta fjordvegen inn til Geiranger?  
Frå november til mai tilbyr Geiranger  
Fjordservice guida turar frå Ålesund til  
Geiranger.

#### Pakken inkluderar:

- Fjord Ranger som guide ombord
- Lunsj og snacks
- Busstur til Flydalsjuvet
- Inngang Norsk Fjordsenter
- Fossevandring

Pris frå kr. 990,- per person  
T/r frå kr. 1980,- per person




### For datoar og meir info:

[www.geirangerfjord.no/vin-  
ter-fjord-cruise](http://www.geirangerfjord.no/vinter-fjord-cruise)  
[booking@geirangerfjord.no](mailto:booking@geirangerfjord.no)  
+47 70 26 30 07

Foto: Geiranger Fjordservice

geiranger  
FJORDSERVICE



### Ei reise fjordvegen

Visste du at ferga mellom Hellesylt og  
Geiranger går kvar dag heile året?  
Og i perioden 1. november - 30. april  
så er det vanlege autopass takstar på ruta.



### Kontaktinformasjon:

[www.fjord1.no](http://www.fjord1.no)



Våre samarbeids-partnarar

Transport

## Geiranger Turbuss



Våre samarbeids-partnarar

Transport

## Geiranger Fjordservice



### Transport


Vår samarbeidspartner Geiranger Turbuss hjelper deg med organisering av transport, enten det er skyss til og frå Geiranger, eller transport ut på aktivitetar. Lokalkjende sjåførar og god service.



### Kontaktinformasjon:

[www.geirangerturbuss.no](http://www.geirangerturbuss.no)  
[info@geirangertaxi.no](mailto:info@geirangertaxi.no)  
+47 98 85 97 88  
+47 98 24 18 28

Foto: Geiranger Turbuss



### Reis fjordvegen

Kva med å ta fjordvegen inn til Geiranger? Vår samarbeidspartner Geiranger Fjordservice tilbyr chartering av katamaran med plass til 145 passasjerer. Båten kan plukke opp gjestene like ved flyplassen i Ålesund (10 min med buss). Turen inn til Geiranger tek ca 3 timar.



### Kontaktinformasjon:

[www.geirangerfjord.no](http://www.geirangerfjord.no)  
[booking@geirangerfjord.no](mailto:booking@geirangerfjord.no)  
+47 70 26 30 07

Foto: Geiranger Fjordservice



# Forslag til reiserute t/r Geiranger



ANKOMST FREDAG



## Flyavgangar til Ålesund Lufthavn Vigra

	Oslo	Tr.heim	Bergen	Kr.sand	Tromsø
	07.55	10.15	07.40	06.20	06.15
	08.50	10.55	08.25	08.50	10.55



## Transport flyplass - havn



## Eigen båt Valderøy - Geiranger

3 timar lang vakker naturoppleving inn fjorden



*Om ønskeleg kan du innta lunsjen ombord, samt få unda registrering og generell informasjon.*



## Ankomst Geiranger og innsjekk på hotellet



# Forslag til reiserute t/r Geiranger



AVREISE SØNDAG



## Utsjekk og avreise Geiranger



## Eigen båt Geiranger - Valderøy

3 timar lang vakker naturoppleving



*Om ønskeleg kan ein få servert mat på vegen ut.*



## Transport hamn - flyplass



## Flyavgangar frå Ålesund Lufthavn Vigra

	Oslo	Tr.heim	Bergen	Kr.sand	Tromsø
	16.30	19.05	16.35	16.35	16.30
	17.25	19.45	17.15	20.45	20.30



HOTEL UNION™  
GEIRANGER • 1891 • FAM MJELVA

## Booking

[www.hotelunion.no](http://www.hotelunion.no)

+47 70 26 83 00

[booking@hotelunion.no](mailto:booking@hotelunion.no)